



Totalrenovering av heile den gamle skuledelen er den beste løysinga, skriv rektor og verneombod. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen-skulen kom – som den einaste i Kvinnherad - i kategorien for "ikkje godkjend" i helsetilsynets rapport som vart lagt fram for stutt tid sidan. Heldigvis var grunnen ein bagatell – det var ikkje søkt om godkjenning av ombyggjinga av den gamle gymsalen til to klasserom. No blir dette retta opp att. Men at totalrenovering av den gamle skuleavdelinga er den beste løysinga er det ikkje tvil om.

Rektor Vidar Haugland og verneombod Brit Hjetland har skreve søknad om godkjenning til kommunen. Og den gjeld ikkje berre ombyggjinga av gymsalen til klasserom, men også ei generell godkjenning av heile oppvekstsenteret utifrå krava i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Haugland og Hjetland har vore i stand til å svara positivt på dei fleste av dei mange spørsmåla i søknadsskjemaet, men det er få og viktige unntak. Dei har til dømes svara nei på spørsmålet om luft-temperaturen kan kontrollerast i alle opphaldsrom og klasserom og om den relative luftfuktigheten vert kontrollert ved vinterforhold. Dei har også svara nei på spørsmålet om romma er fri for trekk.

På spørsmålet om det finst teikn på fuktskader (spor/lukt av mugg/råte osv.) er svaret ja. Og dei har ikkje hindra flest moglege støvsamlende flatar i romma – til dømes ved lukking av opne hyller og igjenbyggjing av skap opp til tak.

Haugland og Jetland forklarar at kanalane i dei nye klasseromma etter ombyggjinga av den gamle gymnastikksalen ligg høgt fordi rommet er veldig høgt under taket. Dei samlar mykje støv og er vanskelege å halda reine. Støvsamlarane bør vera gjenstand for fast reinhald minst to gonger i året,

På spørsmålet om det er moglege å skjerma mot sjenerande solinnstråling og overoppheting har dei svara både ja og nei.

Nei er svaret på spørsmålet om lysforholda er slike at dei tilfredsstillar normene. Eindel armaturar må skiftast ut fordi dei er ulovlege. Taklyset i skulegangen er svært diffust folrdi armaturane må liggja i taket på grunn av låg takhøgde.

Om sanitære forhold svarar Haugland og Jetland nei på spørsmålet om det er dispenser for flytande såpe og

papirhandklede ved alle handvaskar. Dei svarer også nei på om det finst toalett og sanitært utstyr i tilstrekkeleg tal og i god stand. Alle klasserom/korridorar, garderobar, toalett, formingsrom, skulekjøkken og spiserom/kantine har ikkje handvask med blandekran. Men heldigvis har ikkje sanitæranlegga synlege spor av råteskader og muggsoppangrep.

Haugland og Jetland konkluderar med at den beste endringa vil vera ei totalrenovering med ventilasjonsanlegg, løfta tak, nye vegger, nye glas og nytt golvbelegg i heile den gamle skuledelen.

Av Ola Matti Mathisen



Den tidlegare gymnastikksalen vart til to klasserom. (Foto: Ola Matti Mathisen)